

Guri Rørtveit blir ny direktør for Folkehelseinstituttet

Instituttleiar og professor i allmenntmedisin ved Universitetet i Bergen Guri Rørtveit blir ny direktør for Folkehelseinstituttet (FHI) og tiltrer stillinga 18. mars i år.

Rørtveit (58) er professor i allmenntmedisin ved Universitetet i Bergen og leiar Institutt for global helse og samfunnsmedisin ved Universitetet i Bergen.

– Eg er svært nøgd med tilsettinga av Rørtveit i denne viktige stillinga. Ho er utan tvil godt kvalifisert med si lange og breie erfaring både som lege og forskar – og som leiar for sterke kunnskapsmiljø. Eg ser fram til eit godt samarbeid med ho og Folkehelseinstituttet framover, seier helse- og omsorgsminister Ingvild Kjerkol.

Rørtveit blei uteksaminert som lege frå Universitetet i Trondheim i 1991, og er spesialist i allmenntmedisin. Ho har doktorgrad frå Universitetet i Bergen frå 2004. Rørtveit har arbeidd som allmenntlege i over 15 år i Øksnes og Bergen kommune. Ho har vore forskingsleiar ved Allmenntmedisinsk forskningseining i Bergen ved UNI Research Helse. Ho blei professor i 2009 og frå 2016 har ho leia Institutt for global helse og samfunnsmedisin ved Universitetet i Bergen.

Rørtveit har også erfaring frå ulike styrer, mellom anna som styreleiar for Chr. Michelsens Institutt og som styremedlem i Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk

stress. Ho har også vore medlem av HelseOmsorg-21-rådet.

– Samspelet mellom samfunn og individuell helse har alltid interessert meg, og eg gler meg til å arbeide for

betre folkehelse saman med dei dyktige fagfolka ved Folkehelseinstituttet. Direktørjobben gir ein unik moglegheit til å bidra til tilrettelegging for god helse, seier Guri Rørtveit.



Foto: Jørgen Barth (UIB)

Fond

Stiftelsen til tannlegevitenskapens fremme

Stiftelsens formål er å fremme norsk preklinisk og klinisk odontologisk forskning og undervisning.

Stiftelsen ønsker å gi bidrag til:

- formidling av vitenskapelige arbeider og undervisningsopplegg
- odontologiske undersøkelser
- publisering i vitenskapelige tidsskrifter.

Det deles tradisjonelt ut vitenskapelige stipendier i størrelsesordenen kr 10 000 – 50 000. Eksepsjonelt gode søknader kan unntaksvis tildeles større beløp. Stiftelsen skal totalt dele ut NOK 210 000.

Stiftelsen åpner sitt søknadsmottak 28. februar 2024. Søknadsfristen er 30. mars 2024.

For utfyllende informasjon og søknadsskjema, se stiftelsens nettside:

<https://unifor.no/stiftelser/stiftelsen-til-tannlegevitenskapens-fremme/>

UNIFOR-FRIMED

UNIFOR-FRIMED er en støtteordning for alle medisinske fag og disipliner. Dette er en åpen konkurransearena der det ikke stilles krav om spesielle tema, anvendelse eller umiddelbar nytteverdi.

Det lyses ut vitenskapelige stipendier innen medisin for ett- eller flerårige (inntil tre år) bevilgninger for prosjekter tilknyttet Universitetet i Oslo. Midlene som lyses ut er driftsmidler, ikke lønnsmidler. Støtte gis erfaringsmessig i størrelsesorden NOK 50 000 – NOK 150 000. Eksepsjonelt gode søknader kan tildeles høyere beløp. Det skal totalt deles ut NOK 3 279 000.

Ordningen åpner sitt søknadsmottak 15. januar 2024. Søknadsfristen er 15. februar 2024.

For utfyllende informasjon og søknadsskjema, se ordningens nettside, <https://unifor.no/stiftelser/unifor-frimed/>

Nansenfondet og de dermed forbundne fond

Nansenfondet og de dermed forbundne fonds formål er å fremme vitenskapelig forskning innen ulike fagområder. I samsvar med de enkelte fonds vedtekter kan det tildeles midler til blant annet drift, forskningsutstyr, faglige reiser og vitenskapelig assistanse.

Innen realfag og medisin prioriteres vanligvis støtte til drift og mindre utstyrsenheter. Det er mulig å søke om inntil kr 50 000.

Ordningen åpnet sitt søknadsmottak 1. desember 2023. Søknadsfristen er 15. januar 2024.

For utfyllende informasjon og søknadsskjema, se ordningens nettside: <https://unifor.no/stiftelser/nansenfondet-og-de-dermed-forbundne-fond/>